

ORDENSREGLAR VED FJELLGARDANE SKULE

**I eit skulesamfunn skal alle trivast, samarbeide godt og ha ansvar for kvarandre.
Dette skal ordensreglane vere med på å fremje.**

1. TA OMSYN

- til dei du går i klasse med
- til dei som er større og mindre enn deg
- til dei som arbeider på skulen

2. SKULEN VENTAR AT DU

- er høfleg og ærleg
- har orden i skulesakene dine
- gjer heimearbeidet ditt på ein tilfredsstillande måte
- fer fint med det som høyrer skulen til
- hjelper til med å halde skuleområdet ryddig
- er ute i friminutta, og går ut og inn på ein grei måte
- held deg innanfor skuleområdet
- kjem inn til rett tid til timane
- berre kastar snøball på oppsette blinkar
- berre nyttar sykkelen på tilvist område i skuletida
- har hjelm når du sykklar til skulen og brukar rullebrett eller sykkel i skuletida.
- brukar rullebrett eller skeiser på plass som er sett av til det
- ikkje nyttar tobakk og rusmiddel på skuleområdet
- ikkje har med deg eller nyttar slikkeri på skulen
- sjølv tar ansvar for å finne ut av lekser når du har vore borte
- ikkje oppheld deg på parkeringsplassen eller framfor storskuleinngangen
- er der du har lov til å vere når du er inne

3. DU MÅ HA MUNNLEG ELLER SKRIFTLEG MELDING FRÅ HEIMEN NÅR

- du har vore borte frå skulen
- du har vorte hindra i å gjere heimearbeidet
- du bør vere inne grunna sjukdom
- du ikkje kan ha kroppsøving
- du må ha fri frå skulen

4. REAKSJONAR PÅ BROT KAN VERE

- irettesetjing
- melding heim
- attsitjing
- bortvising (jfr. § 16 i lov om grunnskulen)
- merknad i vurderinga
- at du i særlege høve kan bli nekta å vere med på leirskuleopphald eller skuletur

Som oftast vil samtale mellom elev og lærar, eventuelt også med føresette, vere det mest tenlege når det gjeld å gjere avtaler som kan løyse problema.

August 2007